

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		23/592

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2023	Kommunestyret	PS	12.06.2023

Vegutbetringar langs fylkesveg 570

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil 1,6 mill.kr., finansiert over drifta/driftsrekneskapen 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framforhandla avtale vert lagt fram for godkjenning, vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil 1,6 mill.kr.

Forslag til avtale;

Samarbeidsavtale

**for prosjektering og bygging av punktutbedring
langs fv.570 frå Sør Kvingo til Kvamme
mellom
Vestland fylkeskommune, org. nr. 821 311 632
og
Masfjorden kommune, org.nr. 945 627 913**

1. Grunnlag for avtalen

Masfjorden kommune (MK) ønsker å nytte tilgjengeleg overskotsstein i kommunen frå prosjekt langs fv. 570. Masfjorden kommune vil, i samarbeid med Vestland fylkeskommune (VLFK) at overskotssteinen vert nytta til punktutbetring langs fv. 570 mellom Sør Kvingo og Kvamme.

Vestland fylkeskommune skal ha ansvar for utbygginga, og vil nytte entreprenør som er tilknytt prosjektet AndåsxE39-Masfjordnes for gjennomføringa.

Denne avtalen omfattar

- alle forberedande arbeider for å klargjere området før fyllingsarbeida kan starte
- opplasting og transport av stein, samt mottak og etablering av steinfylling til og med planum.
- oppsetting av nytt gjerde der det er avtalt i grunnavtaler.
- forlenging av overvannsgrøfter / stikkrenner
- planering og tilstelling av vegskråningar / sideterreng
- evt. tilpassingar av eksisterande rekkverk.
- vegoppbygging (frå og med forsterkningslaget) og ferdigstilling av veg

2. Byggherre og byggherrens representant.

VLFK er byggherre for alle tiltak som gjeld fylkesveg.

3. Grunnerverv

Masfjorden kommune er ansvarleg for gjennomføring av grunnerverv og nødvendig arbeidsløyve frå råka grunneigarar for alle tiltaka langs fv.570.

Masfjorden kommune er også ansvarleg for gjennomføring av dispensasjonssøknad iht. pbl. der dette er nødvendig.

Grunn som Masfjorden kommune ervervar for å kunne gjennomføre punktutbetringar, skal overførast vederlagsfritt til Vestland fylkeskommune.

4. Finansiering

Masfjorden kommune bidrar med tilskot på inntil 1,6 mill. til Vestland fylkeskommune for gjennomføring av punktutbetring. Resterande finansiering dekkes av Vestland fylkeskommune.

5. Fakturering

Fakturaer frå entreprenør vært sendt direkte til Vestland fylkeskommune.

6. Betalingsplan og garanti

Vestland fylkeskommune sender faktura etter at prosjektet er ferdigstilt.

7. Framdrift

Steinen er tilgjengeleg nå.
Antatt byggetid er 6 mnd.

Stad/dato:

Vestland fylkeskommune
Org. nr. 821 311 632

Stad/dato:

Masfjorden kommune

Org.nr. 945 627 913

Konklusjon

Masfjorden kommune godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil 1,6 mill.kr., finansiert over drifta/driftsrekneskapen 2023.

Kommunestyret - 041/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil 1,6 mill.kr., finansiert over drifta/driftsrekneskapen 2023.